


# Oppsummering kartlegging lag og organisasjonar

I samband med utarbeiding av kommunedelplan for kultur, idrett og frivilligheit inviterte kommunen lag og organisasjonar til å svara på ei kartlegging om aktivitetar i laget/organisasjonen, rekruttering, drift og bruk av lokalar og anlegg, finansiering og støtteordningar, nettverk, kurs og kompetanseheving. Alle som svarte var med i trekninga av tre tildelingar på 5000,- kr til drift av laget/organisasjonen. Dei som vann var Dissimilisgruppa the Jokers, Mannskoret Havdur og Moster sogelag.

I perioden 24.3-4.5.23 svarte 47 ulike lag og organisasjonar på undersøkinga:

- Tre grendautval: Brandasund, Goddo og Moster
- Fem velforeiningar: Habbestad gardslag, Hestavollen velforeining, Leite aust vel, Sakseid vel og Sønstabøvågen gardslag
- To kvinne- og familielag: Bremnes kvinne- og familielag og Lykling kvinne- og familielag
- Seks turlag, sogelag og speidarar: Bømlo turlag, Foldrøy speidargruppe, Gutta på tur, Meling speidargruppe, Moster sogelag og Sunnhordland Padleklubb
- To museum/stiftingar: Bømlo skulemuseum og Stiftelsen Baadehuset
- To religiøse lag/organisasjonar: Den frie evangeliske forsamling, Sion Mosterhamn og Gilje søndagsskule
- Fem kultur, kunst og handverksorganisasjonar: Bømlo barne- og ungdomsteater, Bømlo hobbylag, Bømlo husflidslag, Bømlo revylag og Bømlo film og musikk og Morild
- Fem kor, korps og musikkgrupper: Bømlo janitsjar, Bømlo kormix, Dissimilisgruppa the Jokers, mannskoret Havdur og Våg skulemusikklag
- Sju idrettslag: Bremnes idrettslag, Bremnes skytterlag, Bømlo hestesportsklubb, Bømlo Shotokan karateklubb, Bømlo symjeklubb, Moster idrettslag og Rubbestadneset idrettslag
- Tre brukar- og pårørandeorganisasjonar: Bømlo demensforeining, HLF Bømlo og Mental helse Bømlo
- Sju andre lag og organisasjonar: Amcar Bømlo med Bømlo mekkeklubb, Bømlo båtlag, Bømlo frivilligsentral, Bømlo hundeklubb, Bømlo kystlag, Foldrøy aktivitetspark og Ung på MC Bømlo


## Mengd medlemmar



Seks av organisasjonane har under ti medlemmar, 12 har mellom 11 og 50 medlemmar, 21 organisasjonar har mellom 51 og 200 medlemmar og sju har over 200 medlemmar.

## Rekruttering

På spørsmålet om i kva grad lag og organisasjonar opplever at det er enkelt å rekruttera deltakarar , medlemmar og aktive ser me at dei opplever det som vanskelegare å rekruttera leiarar for aktivitetar og til styrevern enn det er å rekruttera deltakarar og faste medlemmar.



24 % svarar at det er litt eller svært vanskeleg å rekruttera deltakarar på enkeltarrangement, 28 % svarar at det er litt vanskeleg å rekruttera faste medlemmar, 40 % svarar at det er litt eller svært vanskeleg å rekruttera leiarar for aktivitetar og 44 % svarar at det er litt eller svært vanskeleg å rekruttera til styrevern.

På spørsmål om korleis laget/organisasjonen rekrutterer nye medlemmar trekkjer laga fram

- Arrangement og kurs i regi av laget og oppstartsdagar
- Prøveordningar
- Deltaking på fellesarrangement som Folk på Bømlo, Landbruksdagar og Kanaldagane og synlegheit i lokalmiljøet
- Bømlo-nytt, Facebook, plakatar
- Besøk til skuleklassar med skriftleg informasjon heim etterpå
- Invitasjonar til potensielle medlemmer eller til nyttilflytta via e-post, skriftleg invitasjon eller blomehelsing
- Gjennom vener og familie
- Medlemmar tek kontakt sjølve
- Ved å laga tilbod som passar alle aldrar, uavhengig av fysiske føresetnader

Fleire av laga/organisasjonane peiker i oppfølgande kommentar på at mange, særleg småbarnsforeldre, har liten tid. Vidare er det fleire som løftar fram at ein ikkje kan ha fleire medlemmar enn ein har kapasitet til, og at rekruttering av mange nye ikkje alltid gir så mange nye som bidreg aktivt til laget.


## Lokale og anlegg

17 av laga/organisasjonane eig eller driftar egne lokale/anlegg, 30 leiger eller lånar lokale/anlegg og 2 lag/organisasjonar brukar ikkje lokale/anlegg.

## Lag og organisasjonar som eig og driftar lokale/anlegg

17 av laga/organisasjonane svarar at dei eig eller driftar lokale eller anlegg med følgjande fasilitetar:

● Møterom	12
● Prosjektor	9
● Mikrofon	10
● Kjøkken	14
● Forsamlingslokalar	11
● Leikeplass/møteplass ute	8
● Toalett	14
● Idrettsanlegg	4
● Turstigar	2
● Øvings-/produksjonslokale	1
● Lager	7
● Museum	3
● Utstillingar	2
● Annet	3



14 av lokala/anlegga har trinnvis inngang, åtte har handicaptaolett og mikrofon, medan me finn automatiske døropnarar og teleslynge ved eitt av lokala/anlegga.

Dei fleste av desse er juridiske eigarar av lokalet/anlegget, tre har avtale eller samarbeid med Bømlo kommune, medan to har avtale med andre grunneigarar.

To av respondentane har tilsette som bidreg med administrasjon og drift, medan reisten av laga og organisasjonane driftar lokale og anlegg med dugnad. I nokre lag er det styret som står for dette medan det i andre lag er eigne arbeidsgrupper som har tildelte ansvarsområde. I tillegg oppgjer fleire at dei har årlege/halvårlege dugnadar der alle medlemmar blir invitert (men ikkje nødvendigvis så mange møter opp). For større utbetringar leiger fleire inn og brukar då dugnad for å søkja om midlar.

Ni av lokala blir leigt ut til andre lag/organisasjonar og til private og 5 til næringsliv/offentlege aktørar. Eit av laga/organisasjonane oppgjer at dei er i ferd med å laga retningslinjer for utleige no:

● Ja, til andre lag/organisasjonar	9
● Ja, til næringsliv/offentlege aktø...	5
● Ja, til private	9
● Nei	6
● Annet	1




Dei fleste av laga/organisasjonane som leiger ut har ledig kapasitet for meir utleige. Fleire oppgjer at dei sjølve må leige lokalar til større arrangement, då lokala deira ikkje kan ha slike.

## Lag og organisasjonar som leiger/lånar lokale/anlegg

20 av laga/organisasjonane som leiger/lånar lokale/anlegg oppgjer at dei har nok tilgang på slike, medan 10 oppgjer at behova deira ikkje blir fylt. Det er særleg lagerlokale og storleiken på lokale/anlegg som er utfordrande. Kostnaden for lån og leige varierer frå kr null til 120000,-.


## Finansiering



Dei aller fleste av laga/organisasjonane lagar søknadar til eksterne midlar, mange har også medlemskontingent eller deltakaravgift som finansieringskjelde. Dugnad og utleige er vidare ei finansieringskjelde for litt under halvparten av laga/organisasjonane. Andre finansieringskjelder som blir peikt på er loddsal, sal av bakst og kaker, prosentdel sal i butikk, grasrotmidlar, kursverksemd, overskot frå arrangement og konsertar, personlege lån, kollekt og gåver og materialavgift.

På spørsmål om kva kommunale støtteordningar lag og organisasjonar meiner er viktigast løftar laga/organisasjonane særleg fram midlar til aktivitetar og arrangement og driftsmidlar til laget/organisasjonen.

■ Ikkje viktig ■ Litt viktig ■ Svært viktig ■ Veit ikkje



I tekstsvara blir det peikt på behov for driftsmidlar t.d. til lokale og dirigentar. Det blir også løfta fram at ulike lag og organisasjonar har ulik tilgang på driftsmidlar og søknadsordningar og at det må vera enkelt å søkja.

## Støtteordningar og tilrettelegging for transport

Eitt av laga svarar at alle aktivitetar er gratis og eitt at ein har svært rimeleg aktivitet. Åtte av laga/organisasjonar har fond eller andre ordningar for å dekkja kostnader for medlemmar som treng det og fem dekkjer påmeldingsavgift/kostnader i samband med reiser/seminar. 32 lag og organisasjonar oppgjer at dei ikkje har støtteordningar for medlemmar.

10 av laga har ordningar for samkøying for medlemmane sine. Fleire har i tillegg kampanjar for bruk av refleks eller jobbar for betre vegar i sitt nærmiljø.

## Kompetanseheving og organisasjonsutvikling

Mange av laga/organisasjonane som har regionale eller nasjonale ledd har nytta seg av kurs og seminar i regi av desse. Nokon trekkjer fram kurs i Tilskuddsportalen og dialogmøte med kommunen og kompetanseheving gjennom idrettsrådet. I tillegg arrangerer mange av laga kurs og kompetanseheving sjølve, som t.d. innanfor førstehjelp.

På spørsmål om kva kurs eller kompetanseheving laga og organisasjonane ønskjer seg i regi av kommunen, trekkjer dei fram førstehjelp, styrearbeid, søknadsskrivingskurs, kommunikasjonskurs med sosiale media, planar og planarbeid, instruktør/aktivitetsleiarkurs og kurs i korleis ein sikrar trygge aktivitetsleiarar.

## Avsluttande kommentarar

Avslutningsvis fekk laga og organisasjonane høve til å gi andre kommentarar og innspel. Døme på kommentarar var behov for midlar eller annan støtte til prosjekt og drift, støtteordningar for deltakarar som t.d. fritidskortet, tilrettelegging av kommunale kaiar og område for t.d. kajakkutsetting eller hundetrening, betre synleggjering av lag og organisasjonar sin aktivitet på nettsida, synleggjering av ulike typar aktivitetar som t.d. motorsportaktivitetar, fritak om søknadsavgift ved byggesøknader og andre avgifter for frivilligheita og bualternativ med aktivitetar (før sjukeheims plass).